

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland
 Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
 Sak nr.: 2015/1434-545

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		18.12.2017

Fellesnemda sitt arbeidsutval (FN-AU) - oppnemning og delegering av mynde**Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda set ned eit arbeidsutval med følgjande faste medlemer og varamedlemer:

Fast medlem	Varamedlem
1. Fylkesordførar, Hordaland – leiar
2. Fylkesordførar, Sogn og Fjordane – nestleiar
3. Fylkesvaraordførar, Hordaland
4. Fylkesvaraordførar, Sogn og Fjordane
5. , Hordaland
6. , Sogn og Fjordane

2. Arbeidsutvalet kan gjere vedtak i følgjande saker der ein ikkje treng å kalle saman heile fellesnemnda:

- a) Kurante saker utan vesentleg økonomisk eller prinsipiell betydning.
- b) Hastesaker der det er nødvendig å gjere vedtak i forkant av oppsette møte i fellesnemnda.
- c) Oppfølging av fullmakter i enkeltsaker gitt av fellesnemnda.

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland (17.01.2017), kap. 8.
- 2 Reglement for fellesnemnda, vedteke 27.10.2017, § 6.

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Fellesnemnda (FN) sitt reglement peikar i §6 på at nemnda kan opprette eit eige arbeidsutval (FN-AU), som får fullmakt til å gjere vedtak i einskildsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Nemnda må i så fall vedta eit eige reglement for dette arbeidsutvalet, jf. tilrådinga i vedtakspunkt. 2 i denne saka.

Operativt prosessorgan

Fylkesrådmennene meiner arbeidsutvalet bør vere eit operativt arbeidsorgan. Arbeidsutvalet bør kunne gjere vedtak i følgjande saker/sakstypar:

- a) Kurante saker utan vesentleg økonomisk eller prinsipiell betydning.
- b) Hastesaker der det er nødvendig å gjere vedtak i forkant av oppsette møte i fellesnemnda
- c) Oppfølging av fullmakter i enkeltsaker gjevne i fellesnemnda.

Fylkesrådmennene vurderer desse retningslinene/føringane for arbeidsutvalet sitt arbeid som eit tilstrekkeleg grunnlag for aktiviteten utvalet skal ha.

Fylkesrådmennene/prosjektleiar har rolla som innstillande instans overfor fellesnemnda sitt arbeidsutval.

Fylkesrådmennene si tilråding

Fylkesrådmennene gjer framlegg om at fellesnemnda opprettar eit arbeidsutval som kan kome saman på relativt kort varsel ved behov for avgjerder i enkeltsaker. Reglane i kommunelova gjeld også for møte i arbeidsutvalet.

Eit slikt arbeidsutval kan setjast saman anten med lik representasjon frå dei to fylkeskommunane eller i forhold til samansetjinga i fellesnemnda. Fylkesrådmennene tilrår lik representasjon, samt at leiar og nestleiar i fellesnemnda også vert leiar og nestleiar for arbeidsutvalet.

Til dei faste medlemene i FN-AU kan det anten peikast ut personlege vararepresentantar eller fylkesvise vararepresentantlister. Det bør i vedtaket presiserast kva for løysing som vert vald.